

Oppturar og nedturar i bordtennis

Hardanger bordtennis-klubb (HB) vart nummer 5 i klassen herrar eldre junior lag då det vart arrangert noregsmeisterskap for juniorar i den svenske byen Charlottenberg laurdag, skriv HB på hbt.no.

Thomas Låte, Jan Roger Andersson og brørne Jack Feng og Simon Feng spela for laget frå Hardanger.

HB vann først 3-1 mot eit lag frå Sarpsborg. Deretter vart det 1-3-tap mot Lia i kvartfinalen. HB var rangert som nummer 3 før turneringa, og 5.-plassen vart dermed ein liten nedtur.

– Sjølv om 5. plass i NM er bra, var det ein skuffa gjeng som måtte innsjå at medaljane glapp. Trøysta får vera at me stilte med eit veldig ungt lag. Alle på laget kan spela i eldre junior i minst tre sesongar til, så det vert nye sjansar til medaljar, skriv klubben.

Sundag var det noregs-cupstemne i Charlottenberg. Dei same fire spelarane i HB deltok. Jack Feng og Simon Feng spelte i klassen herrar eldre junior. Båe vann puljane sine og tapte 2-3 i sett mot langt høgare rangerte spelarar i 16.-delsfinalen. Dermed vart det 17. plass på brørne.

Andersson og Låte var direkte kvalifisert til sluttspælet i herrar eldre junior. Andersson tapte 2-3 i 8.-delsfinalen og enda på 9. plass. Låte tapte kvartfinalen og vart med det nummer 5.

I herrar junior vart det 3. plass på Andersson. Simon Feng var berre 2 poeng frå å gå vidare frå puljespelet. I herrar elite vart det 9. plass på Låte. Jack Feng vart nummer 3 i puljen, og gjekk med det ikkje vidare, melder HB.

Tok to klassesigrar

Langrennsløparar frå Kvam langrenn- og skiskyttar-klubb sikra 2 klassesigrar i BKK-rennet i klassisk stil søndag. Løpet fann stad på Drevtjørn skisenter i Ulvik.

Kvam stilte med 8 deltakarar, skriv klubben på sju-sete.com.

Syskena Sondre og Ingrid Brattabø vann sine klassar, som er gutar 12 år og jenter 14 år.

Kristin Brattabø deltok i jenter 8 år, Eirik Brattabø i gutar 9 år og Ådne Kjosås i gutar 10 år. Desse klassane er utan rangering.

I gutar 12 år enda Teodor Græsdal Pedersen på 7. plass. Marta Mo hamna på 4. plass i sin klasse, medan Tobias Græsdal Pedersen enda på 10. plass, ifølgje nettsida.

Krimforfattar klar for Europa

Kriminalromanen *Maestro*, som kom ut i januar i fjor, er seld til 15 land, skriv forfattar Geir Tangen i ei pressemelding.

Først ute var Estland, der boka kom på marknaden nyttårsaftan. Neste land på lista var Danmark, der boka allereie har hausta gode meldingar, ifølgje forfattaren. I vår

står Polen, Finland, Tsjekkia og Slovakia for tur.

Tangen bur i Haugesund, men er opphavleg frå Øystese. Då HF snakka med han i fjor, vår fortalde han at han gav ut *Maestro* på eige forlag, etter at ein avtale med Comino forlag gjekk i vasken.

Hovudpersonane i *Maestro* er

Viljar Ravn Gudmundsson, som er journalist i Haugesunds avis, og politietterforskar Lotte Skeisvoll. Tangen ser for seg å skriva ein trilogi om dei to hovudpersonane. Den andre boka i serien har fått tittelen *Hjerteknuser*. Den skal, ifølgje pressemeldinga, lanserast i mai. Denne gongen er Gyldendal forleggjar.

Tangen skriv ein mykje lesen bokblogg der han melder krim- og thrillerlitteratur. Han er gift med forfattaren Agnes Lovise Matre, som har gjeve ut dei to skjønnlitterære romanane *Stryk meg over håret* og *Kledd naken*. Den siste har handlinga lagd til Øystese.

Fortel om tradisjonsbåt

Sundag kjem Kjell Magnus Økland til Hardanger far-tøyvernssenter for å fortelja om den tradisjonelle strile-båten, oselvaren.

LARS ARVID OMA

oma@hf.no

Økland er mannen bak boka *Oselvar*, som vart gjeven ut i oktober. Ifølgje ei pressemelding frå senteret er praktboka den fyrste samla framstillinga av mangfaldet i oselvaren si historie. Eit variert historisk og teknisk materiale vert presentert i populærvitskapeleg form.

På Unesco-liste

Den tradisjonelle klinkbygde trebåten har vore i bruk i mange hundre år langs kyststripa på Sørvestlandet.

Oselvaren er oppført på unesco si liste over gode vernepraksisar i immaterielt kulturarv. Det var Økland som skreiv nominasjonsframlegget, på oppdrag frå Oselvarverkstaden i Os.

Båttypen har ifølgje fagfolk røter fleire tusen år attende i tid. Båten har vore mest vanleg som bruksbåt frå Ryvarden i sør til Sognefjorden i nord, men ein finn



Last: Oselvaren kan nyttast til litt av kvart. Også som frakkebåt. Denne utgåva er godt lasta med ved.

Foto: Privat

døme på at båttypen har vore nytta langs heile norskekysten, på Shetland og Orknøyane. I tillegg har båten vore brukt som sportsbåt frå 1800-talet, og han er i dag mykje nytta som fritidsbåt. Det vert til dømes arrangert ei rekkje ro- og segleregatta. Det årlege høgde-

punktet er oselvar-NM.

Kappsegling

Økland er dagleg leiar for Kystsogevekene og er cand.mag. frå Universitetet i Bergen med faga kulturvitskap, historie og mediefag. Han har arbeidd som både

journalist og historikar.

Økland er oppvaksten med kappsegling med oselvar, og har delteke i styre og stell knytt til oselvaren sidan 1990.

|Fritt ord| V krev kirurgisk akuttberedskap ved Odda Sjukehus

Hordaland Venstre krev at den kirurgiske akuttberedskapen ved Odda sjukehus blir oppretthalden. For lang reisetid til næraste sjukehus, ras- og flaumutsette vegar, storindustri og store investeringsplanar for utvida

aktivitet, val av E134 som hovudtrasé aust-vest og sterkt veksande turisme knytt til Trolltunga er vektige argument i saka. Odda kommune sin risikoanalyse står opp om vårt krav.

Blir den kirurgiske akuttberedskap

pen ved sjukehuset lagt ned, i strid med fleirtalsinnstillinga frå prosjektarbeidet knytt til ny helse- og sjukehusplan, fryktar Hordaland Venstre for sjukehuset si framtid. Vi meiner det vil vere uhaldbart for helsetilbo-

det i området, og krev at fleirtalsinnstillinga blir vedteken når det skal gjerast vedtak i saka.

Hordaland Venstre

Ingrid Bjørke Nisamjan, styremedlem

|Fritt ord| Odda sjukehus må ha akuttkirurgisk tilbod

Hordaland Senterparti krev at Stortinget tek ansvar. Odda sjukehus må sikrast akuttkirurgisk tilbod, akuttfunksjon i indremedisin, anestesilege i døgnvakt, planlagt kirurgi, beredskap for kirurgisk vurdering og stabilisering, og handtering av akutte hendingar.

Frå Odda sjukehus er det lang avstand til næraste traumesenter. Turismen og talet på traumealarmar er aukande. Odda-området har avstandar, vèrtilhøve og stengde vegar som gjer det er utrygt og fagleg uakseptabelt å avvike akuttki-

rugien. Ei prosjektgruppe i Helse Fonna har likevel tilrådd å ikkje oppretthalde døgnkontinuerleg akuttfunksjonar ved sjukehuset i Odda, og føreslår at akuttkirurgien vert avvika.

Hordaland Senterparti meiner prosjektgruppa tilråding vil vere starten på slutten for Odda sjukehus. Å la indremedisinar og anestesilege stå aleine igjen i akuttmottaket, vil gje eit dårlegare pasienttilbod og svekt beredskap ved skader og ulykker. Det vil forverre rekrutteringa av legespesialistar og turnuslegar til

Odda sjukehus.

H- og Frp-regjeringas sentraliserande sjukehusplan vart vedteken i Stortinget våren 2016 med Venstre sine stemmer. Arbeiderpartiet slutta også opp om prinsippa i planen. Hordaland Senterparti meiner Venstre og Arbeiderpartiet no har eit særskilt ansvar for å gripe inn på vegner av Odda sjukehus. Stortinget kan stoppe ei avvikling av akuttkirurgien ved Odda sjukehus dersom Helse Fonna går vidare med planane.

Sjukehusa i Odda, på Stord og på Valen er tilknytte Helse Fonna.

Sjukehusa behandlar pasientar frå Hardanger og Sunnhordland. Haukeland Universitetssjukehus er næraste nabo, og tilbyr behandlingar og spesialisttenester som dei nemnde sjukehusa ikkje støttar i dag. Hordaland Senterparti vil styrke dette samarbeidet og la sjukehusa inngå i ein nettverksmodell. Det er naudsynt med ei ny føretaksorganisering om dette skal lukkast.

Kjersti Toppe, stortingsrepresentant
Jostein Ljones, fylkesleiar i
Hordaland Senterparti